

Eventyrdronninga Regine Normann

Av Gøril Karlsen og Liv Helene Willumsen

I år er det 100 år sidan den fyrste eventyrboka til Regine Normann kom ut. Tittelen var kort og godt *Eventyr*, gitt ut på Aschehoug. Året etter kom eventyrbok nummer to, *Nye eventyr*. Eventyra har kome ut i fleire nyutgåver, den mest kjende er samleutgåva til Bokklubbens Barn i 1977, med tittelen *Ringelihorn*.

Forfattaren

Forfattaren Regine Normann (1867–1939) var frå Bø i Vesterålen. Ho flytta i vaksen alder til hovudstaden og levde mesteparten av sitt vaksne liv der. Regine Normann var lærar og forfattar. Ho debuterte i 1905 med romanen *Krabvaag. Skildringer fra et lidet fiskevær*, ein sosialrealistisk samfunnsroman. Totalt femner forfattarskapen hennar 18 bøker, dei fleste romanar. I dei siste bøkene går ho over til det korte formatet, og gjev ut samlingar med eventyr og segner.

I romanforfattarskapen tok Regine Normann opp aktuelle kvinnerelaterte tema som mishandling i ekteskap, gjengifte og kvinners rett til å utfalde seg i eit yrke. Dessutan skreiv ho to historiske romanar lagt til heimbygda, er hennar interesse for kystkultur og folkløse kjem til sin rett. Den siste boka i forfattarskapen kom ut i 1934. Regine Normann henta ofte inspirasjon frå nordnorsk miljø, natur og kultur, og skildringane hennar av landskap og folkeliv er meisterlege. Det var Aschehoug som var hennar forlag, der forlagssjef William Nygaard den eldre heldt si hand over ein ny forfattar nordfrå.

Eventyrforteljaren

Etter å ha publisert ei rekkje romanar skjedde det omkring 1920 ei endring i den litterære uttrykksforma til Regine Normann. Ho kjente det slik at det lange formatet til romanen ikkje høvde for henne lenger. Til alt hell greip ho no attende til den munnlege tradisjon og det korte formatet som ho kjente frå barndommen av. Ho hadde høyrte eventyr fortalt av slektningar, og i arbeidsmiljø der den munnlege forteljing stod sterkt som underhaldning. Regine Normann sin eigen uttrykksmåte kom til sin rett i denne forma.

Mottakinga av *Eventyr*

Før Regine Normann ferdigstilte den første eventyrsamlinga si, arbeidde ho tidleg på 1920-tallet med å omsette svenske eventyr til norsk. Då samlinga *Eventyr* kom ut, vart den særskilt godt mottaken av kritikarkorpset over heile landet. Meir enn 40 bokmeldingar vart publiserte frå slutten av november 1925 og fram til jul. Boka vart omtala som ei perle, ei eineståande samling og ein

verdfull tilvekst til nordisk eventyrlitteratur. Eventyra vart omtala som medrivande, og forteljaren omtala som ein som hadde skjønna eventyrets idé. Professor i folkeminnevitenskap Knut Liestøl gav denne attesten: «Ho er diktar og ho eig eventyrstemning i sjæli. Ho er så kongenial med emnet at um ho so stundom gjeng lovleg langt utum det folketradisjonelle, vert det aldri stilbrot.»

Særpreget til eventyra

Eventyra til Regine Normann kom med noko nytt innan eventyrsjangeren. Medan tidlegare folkeeventyr hadde vore tradisjonsforteljingar med utspring i overlevert materiale, dikta Regine Normann eventyra sjølv. Ho hadde stor kunnskap om eventyr og brukte kjente eventyrtrekk, men hovudpersonane i hennar eventyr hadde meir enn ein dimensjon. I tradisjonelle eventyr skildrast personane sett utanfrå, vi får ikkje del i deira tankar og kjensler. I motsetnad til dette, skaper Regine Normann i eventyra sine hovudpersonar som born kan identifisere seg med, nett av di skikkelsane er skildra med tankar og kjensler, som fullverdige personar. Dei framstår med undring, sorg, sagn og lengsel, på eit anna vis enn dei stereotypiane vi kjenner frå folkeeventyr.

Barn som heltar

Eit særtrekk ved eventyra til Regine Normann er at ho skildrar det forstandige barnet. Hovudpersonen i dei fleste eventyra er ein gut eller ei jente. Denne hovudpersonen er mykje klokare enn dei vaksne – snarrådig, finn gode løysingar på problem som må overkommast. Men han eller ho har òg ein tilleggs kvalitet; ein innsikt og eit perspektiv som gjer dei til det den gode vaksne skulle ha vore. Barnet greier å skrelle bort det som ikkje er naudsynt, og kan med det vektlegge kjerneelement i tilværet. Samstundes ynskjer barnet å bli elska av sine næraste. Hovudpersonen i eventyret «Prinsessen som gikk til jordens hjerte» går til jordas hjarte for å plukke ei lækjeurt til far sin, kongen. Den skal kurera mismot over at jordelivet varar så altfor kort, og gjere han glad igjen. Det er som om barnet har større oversikt, mot og optimisme enn den vaksne, sjølv om han er konge.

Utvida galleri av skapningar

I eventyra til Regine Normann møter vi tradisjonelle prinsar og prinsesser og av og til eit troll, men galleriet omfattar også andre skapningar, som gjengangarar, kveite, bukk, og blåkledde. Trollet i eventyra til Regine Normann får ikkje same avgjerande rolle som i folkeeventyra. Trollet kan vere fælsleg, men det er rikeleg med andre element i eventyra som peikar i motsett retning. Den same rikdommen i mange fasettar møter vi også i dei miljøa som er (blir) skildradar hav, holmar, berg, og jordas hjarte fører lesaren til mange ulike stader.

Den trøystefulle slutten

Det har til alle tider vore slik at den trøystefulle slutten på eit eventyr er føresetnaden for at born kan leve seg inn i teksten, sjølv om den er skremmande. Eventyra til Regine Normann held fast ved den gode slutten, men nokre gonger kan dei jordiske skikkelsane passere grensa til den andre verda og verte lukkelege der, eller omvendt. Til dømes i eventyret «Prinsessa som gikk til jordens hjerte», har prinsessa henta ein blome som ho lagar te av til faren, og gjev han med det livsmotet attende. Men sjølv går ho og sturar av di ho lengtar etter den blå guten, som hjelpte henne i vanskelege situasjonar då ho skulle hente blomen, men som høyrer til den verda vi ikkje kan sjå. Ein dag ho møter han i hagen, fortel han korleis han kan bli menneske, og prinsessa og den blå guten giftar seg med kvarandre.

Den magiske krafta til eventyret

I dei 100 åra som har gått sidan *Eventyr* kom ut, har mange barn nytt godt av å lese eller høyre eventyrtekstane: i skule, på bibliotek, heime, på teater og i radio. I ein tidsalder der ulike media veks og grip om seg, er enno det å høyre eller lesa eventyr aktuelt og viktig for barn. Det er styrkande for barn å høyre ei forteljing om noko farleg, men der ein kan vere trygg på at det endar godt.

Det gode vinn over det vonde. Og helten er ein ekte helt. Tida for eventyr er ikkje over. Vi seier som forteljaren i «Jomfru Rosenving på Santavajasø»: «Og snipp, snapp, snute, nu er eventyret ute. Og tipp, tapp, tynne, nu kan du begynne».